

Utval: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Møtestad: Radisson Blu Royal hotel Bryggen, Bergen

Dato: 02.12.2019

Tidspunkt: 11:00-15:35

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Arve Helle	Medlem	A
Linda Monsen Merkesdal	Medlem	A
Jenny Ellaug Følling	Medlem	Sp
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	Sp
Mona Høgli	Medlem	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trym H. Aafloy	Medlem	FNB
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	Frp
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Per Jarle Valvatne	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Larisa Hollund	Per Jarle Valvatne	A
Ingrid Haarstad Rekkavik	Marthe Hammer	SV

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Påtroppande fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Rolf Rosenlund	Påtroppande stabsleiar avdeling for mobilitet og kollektivtransport
Torill Klinker	Påtroppande seksjonsleiar avdeling for mobilitet og kollektivtransport
Oddmund Sylta	Påtroppande seksjonsleiar strategi og eigarstyring
Lars Erik Lunde	Rådgjevar stab avdeling for infrastruktur og veg
Matti Torgersen	Seniorrådgjevar
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
	Godkjenningssaker		
GK 3/19	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 4/19	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 12.11.2019	2019/149	
	Skriftlege spørsmål		
SI 4/19	Spørsmål frå politikarane		
SI 5/19	Spørsmål frå Brosvik - KrF - Budsjettsaka	2019/85	
SI 6/19	Spørsmål frå Hammer - SV- Kollektivfelt	2019/85	
SI 7/19	Spørsmål frå Hammer - SV - Einingstakst Entur	2019/85	
SI 8/19	Spørsmål frå Hammer - SV - Båtrute Sotra	2019/85	
SI 9/19	Spørsmål frå Aafløy - FNB - Sviktande ruteforbindelsar på rutebåtar til Bergen	2019/85	
SI 10/19	Spørsmål frå Moland - H - Forskotering gang- og sykkelveg, Stryn kommune.	2019/85	
SI 11/19	Spørsmål frå Helle - A - Plassreservasjon på Sunnhordalandsruta	2019/85	
SI 12/19	Spørsmål frå Kristensen - H - Opprop av haldeplassar på buss	2019/85	
SI 13/19	Spørsmål frå Merkesdal - A - Valideringsautomatar på buss - universell utforming	2019/85	
	Referatsaker		
RS 5/19	Innretting av satsing på punktutbetring og trygg skuleveg	2019/101	
RS 6/19	MEFs anbefalingar til vegkontraktar i regi av Vestland fylkeskommune	2019/97	
RS 7/19	Brev frå samferdselsdepartementet 15.11.19 - bom på sideveg	2019/129	
RS 8/19	Brev frå E134 Haukelivegen AS - transportkorridorar mellom Austlandet og Vestlandet	2019/126	
	Politiske saker		
PS 5/19	Ferjesambandet Jondal-Tørvikbygd. Utgreiing av to-ferje løysing i sommarmånadane	2019/99	
PS 6/19	Integrasjon av kollektivområdet i Vestland fylkeskommune	2019/120	
PS 7/19	Fråsegn til Fylkesveg 49 Tokagjelet	2019/115	
PS 8/19	Fv 615 - søknad om tilskot til utgreiing av ny/opprusta veg	2019/73	
PS 9/19	Innstilling til representantar til Nordsjøkommisjonen sine tematiske grupper	2019/144	
PS 10/19	Prosess med Nasjonal transportplan 2022-2033 og med store statlege samferdselsprosjekt	2019/126	
PS 11/19	Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023	2019/28	

Godkjenningssaker

GK 3/19 Godkjenning innkalling og sakliste

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

GK 4/19 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 12.11.2019

Møteprotokoll frå møte 12. november 2019 vart godkjend utan merknader.

Skriftlege spørsmål

SI 5/19 Spørsmål frå Brosvik - KrF – Budsjettsaka

Representanten **Trude Brosvik (KRF)** har stilt følgjande spørsmål:

a) I budsjettsaka står det at takstane for kollektiv er auka med 2,5%. Når ein ser på forslaga, så er det gjennomgåande større auke på barnebilettar. Har det samband med at denne gruppa har hatt større rabatt før enn dei 50% som er vanleg?

b) Kan MVA-kompensasjon for innkjøp omdisponerast frå tiltaket som har gitt "inntekta" til td anna vedlikehald? Kan det flyttast frå investering til drift? (Eg reknar ikkje med bompengepakane, der det truleg inngår i ein avtale)

c) I Sogn og Fjordane har det vore nytta midlar til Sørvissskyss. kor mykje ligg det til denne ordninga i budsjettet? Vidareføring?

Somme stader har denne ordninga erstatta vanleg ruteproduksjon med låg bruk. Kan det vere eit innsparingspotensiale i at sørvissskyss-ordninga blir innført også i tidlegare Hordaland?

d) Fylket budsjetterer med utgifter på 3,1 mill til innfartsparkering. Kor sensitiv vil denne ordninga vere for betaling? Td ein dag=ein time? Eller vil innkreving koste så mykje at det ikkje løner seg totalt sett?

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

Spørsmål a)

I Hordaland har ein hatt takstfrys og gitt ein større rabatt på barnebillett enn norma på 50% rabatt.

Kollektiveininga bør operere med kundekategoriar og spesifikasjonar i samsvar med etablert bransjepraksis og med sikte på nasjonal harmonisering. Kollektiveininga bør fylgja den landsomfattande sosiale rabattordninga med 50 prosent rabatt

Spørsmål b)

I driftsrekneskapen blir mva-kompensasjon inntektsført på same staden som utgifta som gir opphav til kompensasjonen. Rekneskapen viser dermed netto utgift, eksklusive mva.

I investeringsrekneskapen blir all mva-kompensasjon ført samla til finansiering av investeringar. Ein kan ikkje flytte mva-kompensasjon frå investeringar over til drift.

Spørsmål c)

Det er lagt opp til vidareføring av dagens tilbod i budsjettet. Det er sett av 3,2 mill kr til dette i 2020.

Tidleg i 2020 vil bestillingstransportløysinga HentMeg starte opp i Odda som ein pilot. Lokale linjer vert erstatta av dette tilbodet og dagens operatør vil halde fram innafor rammene av dagens produksjon.

Spørsmål d)

Budsjettsummen på 3,1 mill kr til innfartsparkering går hovudsakleg til å dekkja leigekostnader for innfartsparkeringsplassar som fylkeskommunen ikkje eig sjølv. Resten av budsjettmidlane går til vidare utbygging av innfartsparkeringsplassar. Det er oblatordning på 10 plassar i Bergen/Os/Fjell. På nokre plassar som har hatt mange ledige parkeringsplassar, er det innført parkeringsavgift (30 kroner for 20 timar), med betalingsterminal. Dette kan nyttast av andre (føresetta kollektivreisande) som ikkje har periodeskyss-billett, og difor ikkje rett på oblat. Røynslene med dette er at svært få nyttar seg av det. Ein kan difor stilla spørsmål om kor stor betalingsvilje det er til å betala for innfartsparkering. Dei fleste plassane med oblatordning har god fyllingsgrad.

SI 6/19 Spørsmål frå Hammer - SV- Kollektivfelt

Representanten **Marthe Hammer (SV)** har stilt slikt spørsmål:

Bystyret i Bergen og Hordaland Fylkeskommune har vedteke at det skal innførast kollektivfelt på firefelts innfartsårer inn til Bergen. Bussen har også framkommeligheitsutfordringar på andre viktige strekk inn til Bergen.

Spørsmål til samferdsledirektøren

- Kva er status for innføring av kollektivfelt på firefelts innfartsårer inn til Bergen.
- Kva er status for innføring av kollektivfelt på andre viktige innfartsårer og bussruter inn til Bergen og i Bergen.

Svar på spørsmåla frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Statens vegvesen har engasjert konsulent som greier ut ulike variantar av omfordelt bruk på 4- felts innfartsårer til Bergen. Det vert mellom anna sett på kollektiv-, sambruks- og tungbilfelt (3,5t). Rapporten er venta ferdigstilt omkring 1. april 2020.

Kollektivgruppa i Miljøløftet ser på fleire strekkingar kor det er ynskjeleg å etablere kollektivfelt, eller å gje anna form for bussprioritering. På dei fleste aktuelle stadene så må det utarbeidast reguleringsplan. Det er for tida ikkje prosjektering eller bygging av nye kollektivfelt i Bergen.

SI 7/19 Spørsmål frå Hammer - SV - Einingstakst Entur

Representanten **Marthe Hammer (SV)** har stilt slik spørsmål:

I nyheitssak frå april er det status på takstsamarbeid mellom Entur og fylkeskommune for reisande mellom Arna og Bergen: <https://www.skyss.no/en/nice-to-know/news-from-skyss/avtale-om-rute--takst--og-billettsamarbeid-i-hordaland/>

I saka står det: «at dagens løsnung med kombinasjonsbillett for buss og tog utgår, og erstattes ved at samarbeidet om einingstakst utvides slik at Skyss sine periodebilletter kan benyttes på hele strekningen Bergen–Voss.»

Spørsmål:

- Slik det er no gjeld takstsamarbeidet berre periodebilletter og ikkje einskilbilletter. Kva er grunnen til dette?
- Kva er status for samarbeid om einskilbilletter?

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

I sone A gjeld takstsamarbeidet både enkeltbilletter og periodebilletter. Dette betyr at mellom Bergen og Arna/Trengereid vil ein kunne reise både med enkeltbilletter og periodebilletter. I dei andre takstsonene og for sonekryssande reiser frå/til sone A gjeld takstsamarbeidet berre periodebilletter og ikkje enkeltbilletter. Bakgrunnen for dette er at Bergensbanen mellom Bergen og Voss har en stor del ikkje faste reisande som kjøper enkeltbillett. Eit takstsamarbeid både for enkeltbilletter og periodebilletter vil derfor innebære ein betydeleg kostnad for Vestland fylkeskommune. I utvidinga av avtalen vart det lagt vekt på å betre tilbodet til dei som pendlar eller reiser ofte. Årleg takstkompensasjon frå fylket til Jernbanedirektoratet vil vere avhengig av tal reisande, men er estimert til mellom 28 og 30 mill. Det vart orientert om utvida takstsamarbeid med Jernbanedirektoratet i sak i MISA februar 2019 (RS 13/2019).

I tråd med tidlegare politiske vedtak har Skyss gått i dialog med Vy vedrørande dagens billettsamarbeid. Målet er at samarbeidet skal inkludere enkeltbilletter mellom Bergen og Arna/Trengereid. Partane er nå blitt einig om dette, men før dette kan realiserast har Vy stilt som krav at enkeltbilletter for buss/tog mellom Bergen – Arna/Trengereid skal vere tilgjengelig i Vy sin billett app (i tillegg til Skyss sin billett app). Entur skal leggje til rette for dette på vegne av Vy, men Entur er midt i ein prosess kor dei skal over til ein ny plattform, og mens dette arbeidet går føre seg har dei sett annan utvikling på vent. Dette gjeld også tilrettelegging for app-kjøp av enkeltbilletter buss/tog mellom Bergen – Arna/Trengereid. P.t. har ikkje Skyss fått dato for slutføring.

SI 8/19 Spørsmål frå Hammer - SV - Båtrute Sotra

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt fylgjande spørsmål:

Viser til utredning om (hurtig)båtrute mellom Bergen og Sotra frå april 2019 - PS 49/19. Denne vart vedteke sendt på høyring til fellesnemda for Nye Øygarden kommune og til næringslivet. Når kjem saka med innspela frå høyringen tilbake utvalet?

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Prosjektleiar kan opplysa at i tråd med vedtaket som vart fatta i utval for miljø og samferdsel 10.04.2019, er det gjennomført høyring av utgreiinga av mogleg ny båtrute Sotra – Bergen. Sak om resultat av høyringa er planlagt lagt fram til politisk handsaming. På grunn av ressurssituasjonen er denne saka blitt utsett, men vil bli lagt fram i Hovudutval for samferdsel og mobilitet over nyttår.

SI 9/19 Spørsmål frå Aafloy - FNB - Sviktande ruteforbindelsar på rutebåtar til Bergen

Representanten **Trym Aafloy** (FNB) har stilt fylgjande spørsmål:

Sak Sviktande ruteforbindelser på hurtigbåtar til Bergen

Det er svært dårlig korrespondanse mellom skyssbåten Frekhaug-Bergen og båten som går Bergen-Kleppestø. Båten fra Knarvik/Frekhaug ankommer Strandkai terminalen bare minutter etter at båten videre til Kleppestø er lagt fra kai. På morgenen er dette fra 2-5 minutter. Dette medfører en unødvendig ventetid for passasjerene fra Nordhordland til neste båt på nesten en halvtime.

Tid er dyrebar på morgenvisten, og slik det er nå er det rett og slett enklest å ta egen bil. Mange som jobber på Askøy, bor i Meland og ønsker å benytte båt t/r Askøy. Det antas å være flere bedrifter på Askøy med ansatte som bor i Alver Kommune med ønske om å reise kollektivt om mulig. Men skal man reise kollektivt, må reisetilbudet legges til rette for dette.

Skyss har vært kontaktet om den dårlige korrespondansen mellom disse båtene, men har ikke gitt noe svar. Bedre korrespondanse mellom disse båtene hadde spart mange av oss fra å nå snart måtte passere igjennom hele 3!!! bompengesystem til jobb.

Her er Skyss sine rutetider pr.d.d.:

M/S «Fjordkatt» ☎ 916 52 801
 Operatør: Norled AS, www.norled.no, ☎ 51 86 87 00

	Måndag – fredag						
Buss avg. Knarvik Skystasjon	05.46	06.43	07.40	08.43	–	14.57	15.54
Buss ank. Knarvik kai	05.51	06.48	07.44	08.48	–	15.02	15.59
Knarvik kai	05.53	06.50	07.50	08.50	–	15.04	16.00
Frekhaug kai	05.59	06.56	07.56	08.56	–	–	–
Strandkaien	06.20	07.17	08.17	09.17	–	15.26	16.22
Strandkaien	06.22	07.22	08.22	–	14.36	15.30	16.30
Frekhaug kai	–	–	–	–	14.57	15.51	16.51
Knarvik kai	06.44	07.44	08.44	–	15.03	15.57	16.57
Buss avg. Knarvik kai	06.50	07.45	08.50	–	15.05	15.59	16.59
Buss ank. Knarvik Skystasjon	06.55	07.50	08.55	–	15.10	16.04	17.04

M/S «Ekspressen» ☎ 916 81 231 – Operatør: Norled AS, www.norled.no, ☎ 51 86 87 00

Frå Kleppestø			Frå Strandkaien		
Måndag – fredag / Monday – Friday			Måndag – fredag / Monday – Friday		
06.00	10.00	15.30	06.15	10.15	15.45
06.30	10.30	16.00	06.45	11.15	16.15
07.00	11.30	16.30	07.15	11.45	16.45
07.30	12.00	17.00	07.45	12.15	17.15
08.00	12.30	17.30	08.15	13.15	17.45
08.30	13.30	18.00	08.45	14.15	18.15
09.00	14.30	18.30	09.15	14.45	18.45
09.30	15.00		09.45	15.15	
Frå Kleppestø			Frå Strandkaien		
Laurdag / Saturday			Laurdag / Saturday		
08.30	11.30	15.00	08.45	11.45	15.15
09.00	12.00	15.30	09.15	12.15	15.45
09.30	12.30	16.00	09.45	13.15	16.15
10.00	13.30	16.30	10.15	14.15	16.45
10.30	14.30	17.00	11.15	14.45	17.15

Overfartstid ca. 13 minutter.

Vi ønsker svar på dette på vegne av innbyggere i fylket vårt. Hvor er rette instans for å få saken belyst og behandlet, uten at saken «forsviner» hos Skyss?

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Båtsambandet mellom Bergen og Askøy, og mellom Bergen og Frekhaug/Knarvik er i utgangspunktet ikkje planlagt for gjennomgåande reiser mellom Nordhordland og Askøy, men inngår i eit stort samla kollektivnett. Askøybåten har såkalla stive rutetider – avgang på faste tidspunkt kvar time. Dette er rekna som ein stor fordel for dei reisande, når tidtabellane blir enkle å hugse. Avgangstidene for Nordhordlandsbåten er lagt opp mellom anna basert på overfartstid og moglegheit for vidare reiser med kollektivtilbod frå Strandkaien. På Kleppestø er eit omfattande lokalt busstilbod tilpassa avgangstidene på båten, og tilsvarande (i mindre omfang) i Knarvik. Det er også ofte slik at minuttjusteringar som er til fordel for enkelte reisande, blir til ulempe for andre.

Skyss arbeider ut frå å utvikle eit samanhengande kollektivnett, så langt det let seg gjere. Vi vil igjen gå gjennom rutetidene for Nordhordlandsbåten, og korresponderande bussar i Nordhordland, og vurdere om det er ønskeleg å gjere endringar her som også gjer moglegheitene for omstiging til Askøybåten betre. Dersom ein kjem fram til at skal gjerast endringar her, vil naturleg tidspunkt for omlegging vere med oppstart av haustrutene i august.

SI 10/19 Spørsmål frå Moland - H - Forskotering gang- og sykkelveg, Stryn kommune.

Representant for Høgre, Gunnar Moland, har sendt skriftleg spørsmål til møtet i hovudutvalet 2. desember. Moland skriv:

Gjennom to brev fra Stryn Kommune (27.8. og 8.11.2019) er vi blitt kjent med en søknad om løyve til forskottering av gangveg langs FV 60 Loen - Solvik / Rake.

Et totalprosjekt på 1058 meter med kost på 32 mill. Inkl. Mva I søknaden er behovet for gangveg godt begrunnet gjennom sterkt økende trafikk. Det kommer også fram at Stryn kommune ønsker å forskottere prosjektet og ikke vil kreve tilbakebetaling før prosjekta er prioritert og fullfinansiert i Fylkesplanene.

Stryn kommune vil også dekke rentekostnadene fram til fylket er klar for prosjekta.

Kan Fylkesrådmannen redegjøre for søknaden til Stryn, og den videre saksbehandlingen av søknaden.

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for infrastruktur- og veg:

Stryn kommune søkte i brev av 27.08.2019 til Sogn og Fjordane fylkeskommune om å få forskottere gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen – Solvik/Rake i kommunen. Prosjektet som kommunen ønskjer å forskottere er om lag 1 km lang, og har eit kostnadsoverslag på 25,6 mill. kr ekskl. mva. og inkl. grunninnløysing. Kostnadsoverslaget inkl. mva. er 32 mill. kr. Det vart lagt fram sak i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane (FU-sak 85/2019) i møte 2.10.2019.

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

«Søknaden frå Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen – Solvik/Rake vert ikkje imøtekomen. Prosjektet er ikkje prioritert i handlingsprogram for investeringar på fylkesvegnettet i perioden 2019-2022, og stettar såleis ikkje fylkestinget sine krav til forskottering ut frå vedtekne retningslinjer.

Fylkesutvalet har stor forståing for at Stryn ønskjer å ha ein garanti gjennom forskottering av gang- og sykkelveg mellom Loen og Rake. Vi ser også at Stryn har lagt ned stor innsats i grunnlagsdokument i blant anna reguleringsplan.

Prosjektet er no på 2. plass på marginalista, og etter gjeldande regelverk er prosjektet med det ikkje i posisjon til å kunne oppnå forskottering.

Fylkesutvalet oppmodar Stryn kommune til å jobbe vidare med saka opp mot Vestland fylke sin neste rullering av RTP. Dersom Stryn kommune sjølv ynskjer å bygge ut gang og sykkelvegen, så kan det eventuelt skje gjennom ein utbyggingsavtale med fylkeskommunen.»

Stryn kommune har i brev datert 8.11.2019 fremma søknad om forskottering på nytt, og syner til at formannskapet i Stryn kommune gjorde slikt vedtak:

FO- 157/19 Vedtak:

«Det vert sendt ny søknad om forskottering av gang/sykkelveg Loen-Solvik. Ein vil presisere at Stryn kommune kan vente med tilbakebetaling til dei prosjekta som ligg framføre i prioriteringslista er finansierte. Stryn kommune ber Vestland fylkeskommune om å handsame søknaden der ein tek omsyn til dei nye opplysingane som går fram av Stryn formannskap sitt vedtak(157/19).»

Søknaden kom for seint til å bli handsama inn mot budsjett 2020. Administrasjonen vil koma med ei sak for politisk handsaming våren 2020.

SI 11/19 Spørsmål frå Helle - A - Plassreservasjon på Sunnhordalandsruta

Representanten **Arve Helle** (A) har stilt slikt spørsmål:

Eg har fått tilbakemeldingar frå fleire reisande med Sunnhordalandsruta om at det stadig er fulle avgangar frå Bergen fredag ettermiddag. Reisande opplever difor eit lite føreseieleg tilbod. Det er særleg utfordrande for pendlarar som må møte opp tidleg før avgang i Bergen for å vere sikra plass og reisande som har behov for påstigning på Flesland kai og seinare.

Det er så vidt eg har forstått etablert ei varslingssteneste fra Norled, men informasjonen frå den kjem etter sigande for seint til å endre reiserute. Eit alternativ for å løyse dette er sjølvstøtt å auke kapasiteten på ruta, men hadde det vore mogeleg å sjå på løysingar for plassreservasjon for å skape eit meir føreseieleg tilbod?

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Skyss har vurdert at det er trong for plassreservasjon på båttilbodet til Austevoll/Sunnhordland og har jobba med å finne løysingar på dette gjennom to ulike tilnærmingar:

1. Utvikling av ein mobilbasert bookingløysning med plassreservasjon.

Denne løysinga er utreda saman med dei andre kollektivselskapa som inngår i offentleg-offentleg samarbeid om billett-app. Arbeidet er no lagt på is då det berre var Skyss, Troms fylkestrafikk og Kolumbus i Rogaland som hadde trong for ei slik løysing. Utviklingskostnadane måtte då delast av desse tre, og kostnadsoverslaga var for høge.

2. Samarbeid med Norled

I perioden 2013 til juli 2016 hadde Skyss ein avtale med Norled om sal av billetter via Norleds sitt bookingsystem. I tillegg var det avtale om leige av kundesentertjenester slik at Norled kunne handtere eventuelle avbestillingar og billettrefusjonar. Avtalene vart sagt opp i 2016 grunna at tal bestillingar som kom inn via bookingsystemet var svært lågt. Samstundes var ingen avgangar den gong utselde.

Skyss har sendt ein førespurnad til Norled om bruk av deira bookingløysning på avgangar frå Strandkaien torsdag og fredag ettermiddagar. Tilbakemeldinga frå Norled er positiv. Dei kan tilby Skyss løysninga slik at kundar på desse avgangane kan reservere plass. Leverandøren av løysninga har imidlertid signalisert at dei ikkje vil kunne ferdigstille tilpassingane som må til før Q1 2020.

SI 12/19 Spørsmål frå Kristensen - H - Opprop av haldeplassar på buss

Representanten **Hanne Eva Husebø Kristensen** (H) har stilt fylgjande spørsmål:

Kva erfaringar har ein i Hordaland med opprop av haldeplassar på buss, kva krav vert stilt i anbod o. l. om at slikt må vere på plass - og kva kan ein gjere for å få dette til å fungere betre på eksisterande ruter.

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

I busskontraktane i Sogn og Fjordane er det følgjande krav til automatisk haldeplassoppnop:

8.3.6 Automatisk haldeplassannonsering

Nye køyretøy i klasse I og II skal vere utstyrt med system for automatisk haldeplassannonsering.

Eit slikt system skal annonsere neste stoppestad langs ei rute til alle reisande om bord i bussen. Denne informasjonen skal formidlast både med tekst og lyd. (innvendig og utvendig)

I 2018/2019 har administrasjonen hatt haldeplassoppnop på agendaen i dei fleste driftsmøte med operatørane i tillegg til oppfølging mellom møta. Operatørane har gjort ein stor innsats for å endre haldningane til sjåførane slik at dei reisande får informasjon om haldeplassane både på skjerm og med lyd.

Gjennom kontrollar er det avdekket avvik. Dei siste kontrollane viser at det har skjedd ei stor og nødvendig betring i bruken av haldeplassoppnop. Administrasjonen har tett oppfølging av kvalitet på leveranse og vil følgje opp utfordringane med haldeplassoppnop nøye framover. Alle bussar med krav til haldeplassoppnop skal ha oppnop med godt høyrbart lydnivå i tillegg til visning på skjerm.

Busskontraktane i Hordaland har denne klausulen:

3.5.4 Høgtalarar

Alle bussar skal ha mikrofon ved førarplass, og høgtalaranlegg slik at det er mogeleg å gje melding til passasjerane. Anlegget skal vere av ein slik kvalitet at det sikrar ein god attgjeving av meldingar frå sjåfør og med tilpassa lydnivå for heile passasjerområde.

Bussane skal i tillegg vere utstyrt med utvendige høgtalarar som skal gje lyd til stoppestadsområdet. Sjåfør skal ved førarplass kunne veksle mellom innvendige, utvendige og alle høgtalarar ved bruk av mikrofon.

Det må vere mogeleg å kople til løysing for automatisk opprop.

I busskontraktane i Bergen og omegn vert lydoppnop levert frå sanntidssystemet. Dette er eit av tiltaka som er gjort for å sikre at kollektivtilbodet er universelt utforma. Det er ei målsetting at annonseringa skal vere høyrbar under alle forhold for alle passasjerar, men ikkje unødig forstyrrande for passasjerar og sjåfør. Det kan vere ulike element som påverkar dette, som plassering av høgtalarar i den enkelte buss, motorstøy, kjøreunderlag og støy frå andre passasjerar i bussen.

Lydnivået er fastlagt for dei ulike busstypene, og sjåfør av transportmiddelet skal ikkje kunne slå av lyden sjølv.

SI 13/19 Spørsmål frå Merkesdal - A - Valideringsautomatar på buss - universell utforming

Representanten **Linda Merkesdal (A)** har stilt slikt spørsmål:

Så vidt vi forstår, så har ein på ein del av Skyss sine bussar i Bergen teke vekk valideringsautomatane i midten av bussen.

Eg har fått tilbakemelding om at dette skapar utfordringar for ein del bevegelseshemma som brukar inngangen midt i bussen. Ved å fjerne valideringsautomatane i midten, gir dette utfordringar med å få validert billettane. Nokre av dei same passasjerar har av ulike årsaker vanskar med å kjøpe billett på app. Basert på dette lurar eg på kvifor valideringsautomatane i bussane teke bort?

Eg ønskjer og informasjon om korleis Skyss jobbar med universell utforming, og kva som vert gjort av tiltak for at kollektivtilbodet vårt skal bli meir tilgjengeleg for bevegelseshemma?

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Ruteområde for buss Bergen sør (Fana, Ytrebygda og Os) samt Vest (Sotra/Askøy/Øygarden) fekk heilt nye bussar i samband med oppstart av nye kontraktar i sommar. Bussane vart levert utan kortlesar bak. For at kundane skal oppleve lik praksis for avlesing av Skysskort, vart bakre kortlesar teke vekk i resten av bussparken også. Årsaka til dette er at stadig fleire bruker billett-app som betalingsmetode, og i Bergensområdet gjeld dette snart 8 av 10 reisande. Skyss har sendt ut informasjon til sjåførar og bede om at sjåføren er ekstra merksam mot kundar som tidlegare har nytta kortlesar bak. Spesielt reisande med barnevogn som må lese av Skysskort, må få tid til dette før bussen startar å kjøre, og reisande med rullestol som må lese av Skysskort må gjerne ha ekstra hjelp av sjåfør til dette.

I slutten av 2020 vil det kome nye løysingar for kjøp av billett som ikkje vil innebera avlesing av kort i det heile teke. Etter dette vil det ikkje vere trong for validatorar/kortlesarar – verken framme eller bak i bussen.

Referatsaker

RS 5/19 Innretting av satsing på punktutbetring og trygg skuleveg

RS 5/19 vart referert.

RS 6/19 MEFs anbefalingar til vegkontraktar i regi av Vestland fylkeskommune

RS 6/19 vart referert.

RS 7/19 Brev frå samferdselsdepartementet 15.11.19 - bom på sideveg

RS 7/19 vart referert.

RS 8/19 Brev frå E134 Haukelivegen AS - transportkorridorar mellom Austlandet og Vestlandet

RS 8/19 vart referert.

Politiske saker

PS 5/19 Ferjesambandet Jondal-Tørvikbygd. Utgreiing av to-ferje løysing i sommarmånadane

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 02.12.2019

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Det vert gjennomført eit prøveprosjekt med ekstra sommerferje i sambandet Jondal-Tørvikbygd sommaren 2020. Finansiering vert innarbeida i budsjett for 2020.»

Mette Heidi Bergsvåg Ekreheim (Sp) sette fram slikt utsetjingsforslag:

«Saka vert sendt tilbake til fylkesrådmannen. Utvalet ber om ein meir detaljert oversikt over kostnadene ved drift av sommarferje i sambandet Jondal- Tørvikbygd, denne skal vise kostnadene både ved 4 månader og 2 månaders drift.

Vidare vil ein vurdere ei prøveordning sesongen 2020 i tråd med tekstpunkt i budsjettframlegg frå Sp, Ap, V, KrF, SV og MDG.»

Avrøysting utsetjingsforslag

Ekreheim sitt utsetjingsforslag vart vedteke mot 3 røyster (Frp og FNB).

Etter avrøystinga opna utvalsleiar opp igjen for debatt.

Ekreheim sitt utsetjingsforslag vart igjen røysta over, og vedteke mot 3 røyster (Frp og FNB).

Vedtak om utsetjing

Saka vert sendt tilbake til fylkesrådmannen. Utvalet ber om ein meir detaljert oversikt over kostnadene ved drift av sommarferje i sambandet Jondal- Tørvikbygd, denne skal vise kostnadene både ved 4 månader og 2 månaders drift.

Vidare vil ein vurdere ei prøveordning sesongen 2020 i tråd med tekstpunkt i budsjettframlegg frå Sp, Ap, V, KrF, SV og MDG.

PS 6/19 Integrasjon av kollektivområdet i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet stiller seg bak avdelinga sitt arbeid med å utvikle styring og eigarskapsforvaltning innanfor mobilitets- og kollektivområdet.
2. Fylkesutvalet støttar framlegget om ein gradvis marknadsintegrasjon, der kollektivtilbodet framstår mest mogeleg likt som i dag for kundane, fram til merkevare er avklara og gode fellesløysingar er utarbeida innan mobilitets- og kollektivområdet.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 02.12.2019

Avrøysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet stiller seg bak avdelinga sitt arbeid med å utvikle styring og eigarskapsforvaltning innanfor mobilitets- og kollektivområdet.
2. Fylkesutvalet støttar framlegget om ein gradvis marknadsintegrasjon, der kollektivtilbodet framstår mest mogeleg likt som i dag for kundane, fram til merkevare er avklara og gode fellesløysingar er utarbeida innan mobilitets- og kollektivområdet.

PS 7/19 Fråsegn til Fylkesveg 49 Tokagjelet

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner planutkastet frå Statens Vegvesen utgjør eit godt grunnlag for å starte opp arbeid med ein reguleringsplan for Fv 49 Tokagjelet. Høg rasfare, låg vegstandard, trafikkgrunnlag, vegen sin regionale funksjon og betyding som omkøyingsveg for E16 tilseier at prosjektet skal prioriterast høgt.
2. Fylkesutvalet konstaterer at Regjeringa ikkje har gjort vedtak om ei konseptutvalsutgreiing for ein Hordalandsdiagonal mellom E134 og Bergen. Utfordringane for Fv49 gjennom Tokagjelet er så store at det ikkje er tilrådeleg å avvente ein eventuell framtidig trase for ein Hordalandsdiagonal. Fylkesutvalet viser til at kommunedelplanen viser at det er mogleg å byggje tunnelar vidare frå Kvamskogen mot Samnanger, og at dette kan vere ei aktuell strekning for ein framtidig Hordalandsdiagonal.
3. Prosjektet skal planleggjast og byggjast som eit fylkesvegprosjekt med standard HØ1 med 80 km/t og tunnelprofil T9,5.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at bruk av fylkeskommunale skredsikringsmidlar krev at Tokagjelet vert stengt for trafikk. Det er ikkje mogleg å bruke skredsikringsmidlar til ei vegstrekning der det framleis er tillat med trafikk.
5. Fylkesutvalet viser til fylkeskommunen sin økonomiske situasjon, og legg til grunn at vegstrekninga ikkje let seg finansiere berre med fylkeskommunale midlar. Vegstrekninga må difor delfinansierast gjennom brukarbetaling. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med sak om finansiering av prosjektet inklusiv bompengefinansiering.
6. Fylkesutvalet rår til at Kvam herad og Samnanger kommune handsamar prinsippsak om å utarbeide eit fagleg grunnlag for ei bompengesak parallelt med kommunedelplanen. Fylkesrådmannen vert bedt om å samarbeide med Kvam herad og Samnanger kommune om det faglege grunnlaget.
7. Fylkesutvalet rår til at vidare reguleringsplanlegging også omfattar gang- og sykkelløysing, reduksjon av avkjørsler og mindre utbetringstiltak mellom det valde påhoggpunktet på vestsida av ny tunnel og Fossen Bratte. Fylkesrådmannen vert bedt om å avklare ambisjonsnivå for planlegging av dette i den vidare dialogen med kommunane fram mot vedtak av bompengesøknad og kommunedelplan avhengig av moglegheita for finansiering av tiltaka. Det vil ikkje vere aktuelt med større tiltak på den delen av Fv49 som vert erstatta av ny tunnel.
8. Kollektivutfordringane må bli ein del av planen, og det må regulerast inn snusløyfe kombinert med busstopp i enden av vegen, samt fullverdige busslommar i begge retningar ved kryss på vestsida av tunnel.
9. Fylkesutvalet meiner det ikkje vil vere mogleg å oppretthalde eit tilbod for gåande og syklande gjennom Tokagjelet. Kvam herad vert oppmoda til å etablere ein turveg mellom Byrkjesete og Steinsdalen via Nyasete.
10. Fylkesutvalet konstaterer at det ikkje vil vere mogleg å finansiere ein lang tunnel til Jarland. Om kommunane vedtek dette alternativet, kan fylkesutvalet ikkje sjå at det er mogleg å starte opp arbeid med reguleringsplan. Den lange tunnelen utfordrar også overordna mål om omstilling til lågutsleppssamfunnet,

då ein kortare reisetid mellom Norheimsund og Bergen kan føre til meir pendling regionalt. Samstundes vil den lengste tunnelen gi vesentleg lengre reisetid mellom Kvamskogen og Norheimsund.

11. Fylkesutvalet konstaterer at alle alternativa på Kvamskogen og i Steinsdalen er byggbare. Kommunane vert bedne om å ta stilling til val av løysing. Det må påreknast at bompengebelastinga aukar med aukande lengde på tunnel.
12. Fylkesutvalet rår ifrå kombinasjonar med B2 Nybø i Steinsdalen av omsyn til dei ikkje-prissette konsekvensane og av omsyn til trafikktryggleik. Påhogget gir stor negativ innverknad for kulturlandskapet, naturressursar, naturmangfald og landskapsbilete. Vidare rår ein i frå kombinasjonar der D1 Røyrløi inngår, av omsyn til kulturminne og at løysinga gir minst innsparing på køyretid. Fylkesutvalet viser likevel til at desse alternativa gir lågast investeringskostnader, og kan vere aktuelle kombinasjonar om lengre tunnelloysingar ikkje let seg finansiere. Linjeføringa må i så fall vurderast nærare i neste planfase slik at dei negative konsekvensane for ikkje-prissette tema vert reduserte.
13. Fylkesutvalet vurderer at A5 Skeie er det beste alternativet i Steinsdalen i høve til kulturminneinteresser. A5 Skeie gir samstundes størst permanent forbruk av dyrka mark av alternativa i Steinsdalen. B1 Kletten er det beste alternativet i Steinsdalen i høve til naturressursar og landskap.
14. Fylkesutvalet viser til at E3 Eikedalen kjem best ut i høve til dei ikkje-prissette konsekvensane. Eit påhogg i Eikedalen har samstundes store utfordringar knytt til finansiering. Fylkesutvalet rår difor til påhogg ved E1 Kleiva.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 02.12.2019

Jenny Følling (Sp) sette på vegner av Sp, A, SV, MDG og KrF fram slikt forslag:

«Endring:

5. Fylkesutvalet viser til fylkeskommunen sin økonomiske situasjon, og legg til grunn at vegstrekninga ikkje let seg finansiere berre med fylkeskommunale midlar. Vegstrekninga må difor delfinansierast med ekstra med statlege midlar som følgje av at det er ein naudsynt omkøyringsveg og av vesentleg verdi for næringslivet og/eller brukarfinansiering. Fylkesutvalet ber Fylkestinget ta initiativ til dialog i lag med Kvam og Samnanger mot Staten for å koma fram til ei løysing.

6. Utgår

10. Fylkesutvalet konstaterer at det ikkje vil vere mogleg å finansiere ein lang tunnel til Jarland. Om kommunane vedtek dette alternativet, kan fylkesutvalet ikkje sjå at det er mogleg å starte opp arbeid med reguleringsplan.

11. Fylkesutvalet konstaterer at alle alternativa på Kvamskogen, i Steinsdalen er byggbare. Kommunane vert bedne om å ta stilling til val av løysing. Det må påreknast at finansieringa frå andre kjelder aukar med aukande lengde på tunnel.»

Gunnar Moland (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 13:

Fylkesutvalet vurderer at A5 Skeie er det beste alternativet i Steinsdalen i høve til kulturminneinteresser. A5 Skeie gir samstundes størst permanent forbruk av dyrka mark av alternativa i Steinsdalen.

Fylkesutvalet meiner derfor at B1 Kletten er det beste og mest fremtidsretta alternativet i Steinsdalen spesielt i høve til å ivareta naturressursar og landskap.»

Avrøysting

Prosjektleiaren sitt forslag punkt 1-4 vart samrøystes vedteke.

Følling sitt forslag punkt 5 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for prosjektleiaren sitt forslag.

Følling sitt forslag til at punkt 6 utgår vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for prosjektleiar sitt forslag. Prosjektleiar sitt forslag punkt 7-9 vart samrøystes vedteke.

Følling sitt forslag punkt 10 vart vedteke mot 3 røyster (Frp og FNB). Det vart ikkje røysta over prosjektleiar sitt forslag punkt 10.

Følling sitt forslag punkt 11 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for prosjektleiar sitt forslag.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 12 vart samrøystes vedteke.

Moland sitt forslag punkt 13 vart vedteke mot 2 røyster (Frp). Prosjektleiar sitt forslag punkt 13 fekk ingen røyster.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 14 vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner planutkastet frå Statens Vegvesen utgjer eit godt grunnlag for å starte opp arbeid med ein reguleringsplan for Fv 49 Tokagjelet. Høg rasfare, låg vegstandard, trafikkgrunnlag, vegen sin regionale funksjon og betyding som omkøyingsveg for E16 tilseier at prosjektet skal prioriterast høgt.
2. Fylkesutvalet konstaterer at Regjeringa ikkje har gjort vedtak om ei konseptutvalsutgreiing for ein Hordalandsdiagonal mellom E134 og Bergen. Utfordringane for Fv49 gjennom Tokagjelet er så store at det ikkje er tilrådeleg å avvente ein eventuell framtidig trase for ein Hordalandsdiagonal. Fylkesutvalet viser til at kommunedelplanen viser at det er mogleg å byggje tunnelar vidare frå Kvamskogen mot Samnanger, og at dette kan vere ei aktuell strekning for ein framtidig Hordalandsdiagonal.
3. Prosjektet skal planleggjast og byggjast som eit fylkesvegprosjekt med standard HØ1 med 80 km/t og tunnelprofil T9,5.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at bruk av fylkeskommunale skredsikringsmidlar krev at Tokagjelet vert stengt for trafikk. Det er ikkje mogleg å bruke skredsikringsmidlar til ei vegstrekning der det framleis er tillat med trafikk.
5. Fylkesutvalet viser til fylkeskommunen sin økonomiske situasjon, og legg til grunn at vegstrekninga ikkje let seg finansiere berre med fylkeskommunale midlar. Vegstrekninga må difor delfinansierast med ekstra med statlege midlar som følgje av at det er ein naudsynt omkøyingsveg og av vesentleg verdi for næringslivet og/eller brukarfinansiering. Fylkesutvalet ber Fylkestinget ta initiativ til dialog i lag med Kvam og Samnanger mot Staten for å koma fram til ei løysing.
6. Fylkesutvalet rår til at vidare reguleringsplanlegging også omfattar gang- og sykkelløysing, reduksjon av avkjørsler og mindre utbetringstiltak mellom det valde påhoggspunktet på vestsida av ny tunnel og Fossen Bratte. Fylkesrådmannen vert bedt om å avklare ambisjonsnivå for planlegging av dette i den vidare dialogen med kommunane fram mot vedtak av bompengesøknad og kommunedelplan avhengig av moglegheita for finansiering av tiltaka. Det vil ikkje vere aktuelt med større tiltak på den delen av Fv49 som vert erstatta av ny tunnel.
7. Kollektivutfordringane må bli ein del av planen, og det må regulerast inn snusløyfe kombinert med busstopp i enden av vegen, samt fullverdige busslommar i begge retningar ved kryss på vestsida av tunnel.
8. Fylkesutvalet meiner det ikkje vil vere mogleg å oppretthalde eit tilbod for gåande og syklende gjennom Tokagjelet. Kvam herad vert oppmoda til å etablere ein turveg mellom Byrkjesete og Steinsdalen via Nyasete.
9. Fylkesutvalet konstaterer at det ikkje vil vere mogleg å finansiere ein lang tunnel til Jarland. Om kommunane vedtek dette alternativet, kan fylkesutvalet ikkje sjå at det er mogleg å starte opp arbeid med reguleringsplan.
10. Fylkesutvalet konstaterer at alle alternativa på Kvamskogen, i Steinsdalen er byggbare. Kommunane vert bedne om å ta stilling til val av løysing. Det må påreknast at finansieringa frå andre kjelder aukar med aukande lengde på tunnel.
11. Fylkesutvalet rår ifrå kombinasjonar med B2 Nybø i Steinsdalen av omsyn til dei ikkje-prissette konsekvensane og av omsyn til trafikktryggleik. Påhogget gir stor negativ innverknad for kulturlandskapet,

naturressursar, naturmangfald og landskapsbilete. Vidare rår ein i frå kombinasjonar der D1 Røyrlø inngår, av omsyn til kulturminne og at løysinga gir minst innsparing på køyretid. Fylkesutvalet viser likevel til at desse alternativa gir lågast investeringskostnader, og kan vere aktuelle kombinasjonar om lengre tunnelloysingar ikkje let seg finansiere. Linjeføringa må i så fall vurderast nærare i neste planfase slik at dei negative konsekvensane for ikkje-prisette tema vert reduserte.

12. Fylkesutvalet vurderer at A5 Skeie er det beste alternativet i Steinsdalen i høve til kulturminneinteresser. A5 Skeie gir samstundes størst permanent forbruk av dyrka mark av alternativa i Steinsdalen.

Fylkesutvalet meiner derfor at B1 Kletten er det beste og mest fremtidsretta alternativet i Steinsdalen spesielt i høve til å ivareta naturressursar og landskap.

13. Fylkesutvalet viser til at E3 Eikedalen kjem best ut i høve til dei ikkje-prisette konsekvensane. Eit påhogg i Eikedalen har samstundes store utfordringar knytt til finansiering. Fylkesutvalet rår difor til påhogg ved E1 Kleiva.

PS 8/19 Fv 615 - søknad om tilskot til utgreiing av ny/opprusta veg

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet avslår søknaden om støtte til delfinansiering av utgreiing av kostnader og potensiale for brukarfinansiering for ny/opprusta fylkesveg 615.
2. Komande Regional transportplan må vurdere prioritering av planmidlar til dette prosjektet opp mot andre prosjekt i Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 02.12.2019

Avrøysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet avslår søknaden om støtte til delfinansiering av utgreiing av kostnader og potensiale for brukarfinansiering for ny/opprusta fylkesveg 615.
2. Komande Regional transportplan må vurdere prioritering av planmidlar til dette prosjektet opp mot andre prosjekt i Vestland fylkeskommune.

PS 9/19 Innstilling til representantar til Nordsjøkommisjonen sine tematiske grupper

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og Hovudutval for samferdsel og mobilitet føreslår følgjande representantar som medlemar i dei tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen:
 - Transport:
 - Klima og energi:
 - Smarte regionar:
 - Marine ressursar:

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 02.12.2019

Jannicke Bergesen Clarke (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet innstiller ikkje til desse verva, då det ligg til valnemnda å innstille til fylkestinget.»

Avrøysting

Bergesen Clarke sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet innstiller ikkje til desse verva, då det ligg til valnemnda å innstille til fylkestinget.

PS 10/19 Prosess med Nasjonal transportplan 2022-2033 og med store statlege samferdselsprosjekt

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sine innspel til Nasjonal transportplan 2022-33 skal fastsetjast etter ein brei prosess med kommunar og andre sentrale aktørar i Vestland. Fylkesordførar får i fullmakt å fastsetje framtidig prosess.
2. For å sikre forsvarleg tid til å handsame Nasjonal transportplan 2022-33, meiner fylkestinget i Vestland at Samferdselsdepartementet må flytte fristen til å gje uttale til 1. juli 2020. Om dette ikkje let seg gjere, held fylkestinget ekstraordinært fylkesting tidleg i mai 2019 for å gje innspel til prioriteringar til Nasjonal transportplan 2022-33.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 02.12.2019

Jenny Følling (Sp) sette på vegner av Sp, A, SV, MDG og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 1:

Fylkestinget sine innspel til Nasjonal Transportplan 2022-33 må sikre involvering, og fastsetjast etter ein brei prosess med kommunar og andre sentrale aktørar i Vestland. Fylkesordførar og utvalsleiar i hovudutval for samferdsel og mobilitet får i oppdrag å lage eit utkast til prosess som eit minimum må forankrast i hovudutvalet for samferdsel og mobilitet.»

Avrøysting

Følling sitt forslag til nytt punkt 1 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for prosjektleiar sitt forslag. Prosjektleiar sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sine innspel til Nasjonal Transportplan 2022-33 må sikre involvering, og fastsetjast etter ein brei prosess med kommunar og andre sentrale aktørar i Vestland. Fylkesordførar og utvalsleiar i hovudutval for samferdsel og mobilitet får i oppdrag å lage eit utkast til prosess som eit minimum må forankrast i hovudutvalet for samferdsel og mobilitet.
2. For å sikre forsvarleg tid til å handsame Nasjonal transportplan 2022-33, meiner fylkestinget i Vestland at Samferdselsdepartementet må flytte fristen til å gje uttale til 1. juli 2020. Om dette ikkje let seg gjere, held fylkestinget ekstraordinært fylkesting tidleg i mai 2019 for å gje innspel til prioriteringar til Nasjonal transportplan 2022-33.

PS 11/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023

Finansutvalet sitt framlegg

1. Dokumentet "Budsjett 2020/økonomiplan 2020-23" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2020-23.

2. Driftsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

1A Løyvingsoversikt - drift (§5-4) - 1000kr	2020
Rammetilskot	5 736 900
Inntekts- og formueskatt	4 202 100
Eigedomsskatt	-
Andre generelle driftsinntekter	101 370
Sum generelle driftsinntekter	10 040 370
SUM LØYVINGAR DRIFT, NETTO	- 8 739 473
Avskrivningar	- 1 000 000
Sum netto driftsutgifter	- 9 739 473
Brutto driftsresultat	300 897
Renteinntekter	110 900
Utbytte	-
Gevinst og tap finansielle omløpsmidler	-
Renteutgifter	- 328 800
Avdrag på lån	- 616 000
Netto finansutgifter	- 833 900
Motpost avskrivningar	1 000 000
Netto driftsresultat	466 997

Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Overføring til investering	- 536 997
Netto avsetning til eller bruk av bundne fond	-
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond	70 000
Dekning av tyidleger års meirforbruk	-
SUM DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	- 466 997
Fremført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	-

1B Løyvingsbudsjett pr sektor - 1000 kr	2020
Politisk styring	55 444
Kontrollutval	10 333
Eigedom - drift og vedlikehald	446 831
Administrasjon av organisasjon og økonomi	213 411
Org og øk - tiltaksmidlar	9 000
Politisk styring, kontrollutval og org. og økonomi	735 019
Plan, analyse, klima og folkehelse	43 980
IKT og digitalisering	119 666
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 238
Strategisk utvikling og digitalisering	169 884
Pasientbehandling	234 991
Administrasjon	33 166
Tannhelse	268 157
Arkiv	11 783

Bibliotek	12 619
Kulturformidling	16 636
Kulturarv	100 452
Idrett og friluftsliv	32 742
Inkludering, strategi, analyse	20 320
Kunst og kulturutvikling	109 112
Administrasjon av kultur og idrett	8 101
Kultur, idrett og inkludering	311 765
Veg-, drift og vedlikehold	1 141 695
FTU - midlar	16 376
Administrasjon av infrastruktur og veg	8 624
Andre tiltak - infrastruktur og veg	997
Infrastruktur og veg	1 167 692
Buss	1 032 298
Bane	36 701
Ferje	901 553
Båt	280 380
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	166 494
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	101 728
Mobilitet og kollektiv	2 519 154
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 417
Verdiskaping i byar/regionar	128 078
Naturressursar, landbruk og reiseliv	33 413
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	30 712
Grøn vekst, klima og energi	14 448
Utviklingsmidlar	19 685
Innovasjon og næringsutvikling	236 753
Vidareg. opplæring i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl	2 764 576
Vidaregåande opplæring for vaksne	78 937
Fagskule	21 081
Andre føremål opplæring	52 819
Opplæring i bedrift	519 214
Administrasjon av opplæring & kompetanse	31 583
Opplæring og kompetanse	3 468 210
SUM Netto Drift	8 876 634
KORR. budsjett sentrale utg/innt ikkje med i 1A	137 161
KORR netto drift 1B	8 739 473

3. Investeringsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

Løyvingsoversikt investering (§ 5-5) - 1000kr

	2020
Investeringar i varige driftsmidlar	- 5 946 253
Tilskot til andre sin investering	
Investering i aksjar og andelar	- 7 500

Utlån av egne midlar	
Avdrag på lån	
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	- 5 953 753
Kompensasjon mva	603 361
Tilskot frå andre	2 534 319
Sal av varige driftsmiddel	50 000
Sal av finansielle anleggsmidlar	-
Utdeling frå selskap	-
Mottatt avdrag på utlån	-
Bruk av lån	1 704 976
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	4 892 656
Vidareutlån	-
Bruk av lån vidareutlån	-
Avdrag på lån vidareutlån	-
Mottate avdrag vidareutlån	-
Netto utgift vidareutlån	-
Overføring frå drift	536 997
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	524 100
Dekning av tidlegare års udekka beløp	
SUM Overføring frå drift og netto avsetjing	1 061 097
Framført til inndeking seinare år	-

2B Løyvingsoversikt - investeringar i 1000kr

	2020
Forvaltning / fellesfunksjonar	352 268
Opplæring	762 241
Tannhelse	28 550
Kultur og næring	18 790
Fylkesvegar inkl rassikring	2 362 604
Kollektiv	2 421 800
Sum investeringar varige driftsmiddel	5 946 253

Investeringar i aksjer og andelar	
Kjøp av aksjer og eigendelar	7 500
SUM investering i aksjer og andelar	7 500

4. Fylkestinget vedtek nye låneopptak på 1 594 mill. kr.
5. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
6. Fylkestinget vedtek økonomiplanen sine rammer for 2021-23. Rammene vert lagt til grunn når ein til våren skal utarbeide økonomiplan for perioden 2021-2024.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 02.12.2019**Avrøysting**

Finansutvalet sitt framlegg vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og FNB) som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Dokumentet "Budsjett 2020/økonomiplan 2020-23" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2020-23.
2. Driftsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

1A Løyvingsoversikt - drift (§5-4) - 1000kr	2020
Rammetilskot	5 736 900
Inntekts- og formueskatt	4 202 100
Eigedomsskatt	-
Andre generelle driftsinntekter	101 370
Sum generelle driftsinntekter	10 040 370
SUM LØYVINGAR DRIFT, NETTO	- 8 739 473
Avskrivningar	- 1 000 000
Sum netto driftsutgifter	- 9 739 473
Brutto driftsresultat	300 897
Renteinntekter	110 900
Utbytte	-
Gevinst og tap finansielle omløpsmidler	-
Renteutgifter	- 328 800
Avdrag på lån	- 616 000
Netto finansutgifter	- 833 900

Motpost avskrivningar	1 000 000
Netto driftsresultat	466 997

Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Overføring til investering	- 536 997
Netto avsetning til eller bruk av bundne fond	-
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond	70 000
Dekning av tyidleger års meirforbruk	-
SUM DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	- 466 997
Fremført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	-

1B Løyvingsbudsjett pr sektor - 1000 kr	2020
Politisk styring	55 444
Kontrollutval	10 333
Eigedom - drift og vedlikehald	446 831
Administrasjon av organisasjon og økonomi	213 411
Org og øk - tiltaksmidlar	9 000
Politisk styring, kontrollutval og org. og økonomi	735 019
Plan, analyse, klima og folkehelse	43 980
IKT og digitalisering	119 666
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 238
Strategisk utvikling og digitalisering	169 884
Pasientbehandling	234 991
Administrasjon	33 166
Tannhelse	268 157
Arkiv	11 783
Bibliotek	12 619
Kulturformidling	16 636
Kulturarv	100 452
Idrett og friluftsliv	32 742
Inkludering, strategi, analyse	20 320
Kunst og kulturutvikling	109 112
Administrasjon av kultur og idrett	8 101
Kultur, idrett og inkludering	311 765
Veg-, drift og vedlikehald	1 141 695
FTU - midlar	16 376
Administrasjon av infrastruktur og veg	8 624
Andre tiltak - infrastruktur og veg	997
Infrastruktur og veg	1 167 692
Buss	1 032 298
Bane	36 701
Ferje	901 553
Båt	280 380
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	166 494

Administrasjon av mobilitet og kollektiv	101 728
Mobilitet og kollektiv	2 519 154
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 417
Verdiskaping i byar/regionar	128 078
Naturressursar, landbruk og reiseliv	33 413
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	30 712
Grøn vekst, klima og energi	14 448
Utviklingsmidlar	19 685
Innovasjon og næringsutvikling	236 753
Vidareg. opplæring i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl	2 764 576
Vidaregåande opplæring for vaksne	78 937
Fagskule	21 081
Andre føremål opplæring	52 819
Opplæring i bedrift	519 214
Administrasjon av opplæring & kompetanse	31 583
Opplæring og kompetanse	3 468 210
SUM Netto Drift	8 876 634
KORR. budsjett sentrale utg/innt ikkje med i 1A	137 161
KORR netto drift 1B	8 739 473

3. Investeringsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

Løyvingsoversikt investering (§ 5-5) - 1000kr

	2020
Investeringar i varige driftsmidlar	- 5 946 253
Tilskot til andre sin investering	
Investering i aksjar og andelar	- 7 500
Utlån av eigne midlar	
Avdrag på lån	
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	- 5 953 753
Kompensasjon mva	603 361
Tilskot frå andre	2 534 319
Sal av varige driftsmiddel	50 000
Sal av finansielle anleggsmidlar	-
Utdeling frå selskap	-
Mottatt avdrag på utlån	-
Bruk av lån	1 704 976
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	4 892 656
Vidareutlån	-
Bruk av lån vidareutlån	-
Avdrag på lån vidareutlån	-
Mottate avdrag vidareutlån	-
Netto utgift vidareutlån	-
Overføring frå drift	536 997
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	524 100

Dekning av tidlegare års udekkede beløp	
SUM Overføring frå drift og netto avsetjing	1 061 097
Framført til inndeking seinare år	-

2B Løyvingsoversikt - investeringar i 1000kr

	2020
Forvaltning / fellesfunksjonar	352 268
Opplæring	762 241
Tannhelse	28 550
Kultur og næring	18 790
Fylkesveggar inkl rassikring	2 362 604
Kollektiv	2 421 800
Sum investeringar varige driftsmiddel	5 946 253

Investeringar i aksjer og andelar	
Kjøp av aksjer og eigendelar	7 500
SUM investering i aksjer og andelar	7 500

4. Fylkestinget vedtek nye låneopptak på 1 594 mill. kr.
5. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
6. Fylkestinget vedtek økonomiplanen sine rammer for 2021-23. Rammene vert lagt til grunn når ein til våren skal utarbeide økonomiplan for perioden 2021-2024.